

---

**Til:** Fylkesrådmannen

---

**Frå:** Fylkesdirektør organisasjon

---

**Referanse**  
2014/1683-4

**Dato**  
04.02.2014

## **Fokus på etikk i Hordaland fylkeskommune - status**

Fylkestinget vedtok i mars 2009 – sak 15/09 - etiske retningslinjer for den fylkeskommunale verksemda. Retningslinjene gjeld både for folkevalde og tilsette, og omhandlar m.a. habilitet, gåver/fordelar og varsling.

Dei etiske retningslinjene ligg i kvalitetssystemet, og er tilgjengelig for alle tilsette. Retningslinjene har likevel ingen verdi om dei berre finns i skriftleg form. Å forankre og sikre gode etiske holdningar og handlingar i organisasjonen byggjar på at etikk jamleg settast på dagsorden, og blir ein del av kulturbygginga i Hordaland fylkeskommune. Toppleiargruppa jobbar for tida med ein revisjon av leiarplattforma og verdiane i Hordaland fylkeskommune, samt korleis dei skal implementerast i organisasjonen. Dette arbeidet handlar om kva for verdiar og kva slags kultur ein skal ha i Hordaland fylkeskommune, og arbeidet med etikk kan sjåast i samanheng med dette.

### **Kva er gjort siste året**

Hordaland fylkeskommune har satt etiske problemstillingar på dagsorden i ulike samanhengar. I det følgjande vil det bli gjort greie for kva som er gjort siste året når det gjeld arbeidet med etikk:

- **Introduksjon av nytilsette**  
Gjennomgang av dei etiske retningslinjene er ein del av introduksjonen av nytilsette, med særlig fokus på reglane om teieplikt og habilitet.
- **Leiarar**  
I desember blei det gjennomført leiaropplæring i samband med ny fullmaktsstruktur/delegasjonsreglement. I tillegg til ein gjennomgang av sentrale reglar, var det og fokus på verdistyring og etikk, og korleis ein praktiserer reglane i Hordaland fylkeskommune, samt korleis ein skal utøve leiarskap og kva for verdiar som bør ligge til grunn.
- **Innkjøp**  
I samband med opplæring innafor innkjøp har det vore vektlagt at Hordaland fylkeskommune skal ivareta krav til openheit, kontroll og krav til etterprøving og ha fokus på habilitet, etikk og omdøme. Desse måla må sikrast gjennom gode innkjøpsprosessar og høg kompetanse på innkjøpsområdet.

- **Medlemskap i Transparency International**  
Med bakgrunn i fylkesutvalet sitt møte 24. mai 2013 har Hordaland fylkeskommune meldt seg inn i organisasjonen Transparency International. I vedtektene for organisasjonen er det vist til at medlemmene må forplikte seg til å praktisere nulltoleranse for korrupsjon i all si verksemd, og å få på plass eigna tiltak mot korrupsjon.
- **Selskapskontroll og eigarskapsforvaltning**  
Eigarskapsmelding 2013 blei lagt fram for fylkestinget i møte i juni 2013. I pkt 18 går det fram følgjande:  
*Hordaland fylkeskommune har utarbeid etiske retningslinjer for si eige verksemd og har oppmoda alle selskapa Hordaland fylkeskommune har eigarandelar i om å gjere tilsvarande. Fylkesrådmannen har sendt brev til selskapa for å undersøkje om oppmodinga frå fylkesutvalet er teken til følge.*

## Tiltak som er planlagt neste året

Nokre av tiltaka som er nemnt ovanfor vil halde fram også neste år, som til dømes fokus på etikk ved introduksjon av nyttilsette og opplæring innafør innkjøp. I tillegg kan særskilt nemnas:

- **Leiarar**  
Leiarar er viktige rollemodellar og har stor påverknad på organisasjonskulturen og normene for åtferd i organisasjonen gjennom ord, handling og leiarstil. Etikk vil difor vere eit tema på HFK – leiaraskulen, Hordaland fylkeskommunes nye program for opplæring av nye leiarar. Leiarprogrammet starter opp våren 2014 og vil deretter gå kvart halvår. Målgruppa er dei som har vore leiarar i mindre enn to år. Etikk vil vere eit fast tema i denne leiaropplæringa.
- **Innkjøp**  
Innkjøp vil være eit tema på HFK – leiaraskulen. Det vil her og bli fokus på etikk i innkjøpsarbeidet.
- **Kvalitetssystemet**  
Arbeidet med å vidareutvikle kvalitetssystemet vil halde fram, mellom anna med fleire typar meldingsskjema og sjekklisar.
- **Selskapskontroll – eigarskapsforvaltning**  
I samband med oppfølging av selskapskontrollen er det starta opp eit arbeid med å utarbeide rutinar og retningslinjer for val av styremedlemmar og spørsmål knytt til habilitet. Rutinane og retningslinjene vil være ferdig i god tid før neste fylkestingsval.
- **Revisjon av dei etiske retningslinjene**  
Det er fleire år sidan dei etiske retningslinjene blei vedtatt, og det er difor behov for å foreta ein gjennomgang av retningslinjene. Ein tar sikte på å få revidert retningslinjene i løpet av 2014.
- **Synliggjeri ng av retningslinjene på intranett og internett**  
Dei etiske retningslinjene ligg i dag i kvalitetssystemet. Når reviderte etiske retningslinjer føreligg vil ein syte for betre synliggjeri ng av retningslinjene ved å legge dei ut på intranett og internett.
- **Eigenkontroll**  
Det er ikkje tilstrekkelig å ha utarbeidet etiske retningslinjer om det ikkje er kjennskap til desse i organisasjonen og retningslinjene ikkje blir følgd. For å undersøkje i kva grad det er kjennskap til retningslinjene og korleis dei blir etterlevd, vil ein la etikk inngå som eit tema i eigenkontrollen for 2014.